

Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom 2
Dato:	07.04.2014
Tidspunkt:	Kl. 8.30
Møtenr:	2-2014

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
8/14	Godkjenning av protokoll frå møte den 17. februar 2014
9/14	Årsrekneskap m/årsmelding for 2013 - Bjerkreim kommune
10/14	Skatterekneskapet for 2013 med kontrollrapport frå skatteetaten
11/14	Bestilling selskapskontroll: Dalane Miljøverk IKS
12/14	Statusoversikt pr. april 2014

Vennligst meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 33 65 90 evt.98806776 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlem kalt inn særskilt. Medlemmer som meiner dei er inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn.

Evt. saker merka (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Vikeså, 01.04.2014

Magne Vaule
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S. Olsen
Sekretariatet

8 / 14 Godkjenning av protokoll frå møte den 17. februar 2014

Arkivsak-dok. 13/00050-11
Arkivkode. 033
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	07.04.2014	8/14

Protokollen frå kontrollutvalets møte den 17. februar 2014 vert lagt fram for utvalet til endelig godkjenning.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møte den 17. februar 2014

SANDNES, 03.03.2014

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Protokoll](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

9 / 14 Årsrekneskap m / årsmelding for 2013 - Bjerkreim kommune

Arkivsak-dok. 13/00137-6
 Arkivkode. 212
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	07.04.2014	9/14

Bakgrunn:

Iht. Forskrift om kontrollutvalg § 7 skal kontrollutvalet gi uttale om årsrekneskapen før den vert vedtatt av kommunestyret . Uttalen gis til kommunestyret, men kopi av uttalen skal vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan tas omsyn til den før dette organet gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret. Rekneskapen må derfor først leggjast fram for kontrollutvalet.

Etter kontrollutvalgsforskriftens §8 skal og kontrollutvalet òg sjå til at revisors merknader i forhold til rekneskapet (årsoppgjernotatet) vert fylgt opp.

Saksutredning:

Driftsrekneskapet for 2013 viser et positivt netto driftsresultat på 7,9 mill. kr., som utgjør 3,7 % av driftsinntektene Netto driftsresultat bør som hovedregel utgjera minst 3 % av driftsinntektene for at den økonomiske situasjonen skal sjåast på som tilfredsstillande. Driftsrekneskapet for 2013 er gjort opp med overføring til drift på kr. 144.461.942,- og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 0,-.

Det vert vist til orientering i møtet for nærare gjennomgang av kva som ligg bak årets resultat.

Revisjonsmelding og andre merknader frå revisjonen.

Revisor har gitt revisjonsmelding for 2013 med forbehold. Forbeholdet gjeld at det ikkje er anordna påløpt ikkje utbetalt lønn, jfr. kommunelovens § 58 nr. 2 og KRS nr. 7. Forholdet antas ifølge revisor ikkje å ha vesentlig resultateffekt i det praksis var lik i fjor. Praksisen er imidlertid ikkje i samsvar med KRS nr. 7 og kommuneloven § 48 nr. 2, der det m.a. heter at alle kjente utgifter og inntekter i året skal tas med i årsregnskapet for vedkommande år. Ut over denne merknaden er revisor av den oppfatning at årsregnskapet er gitt i samsvar med lover og forskrifter.

Revisor utarbeider i tillegg eit årsoppgjernotat, der framlagt årsrekneskap/årsmelding og revisjonen gjennom året vert oppsummert. Dette vil danna grunnlaget for ei evt. oppfølging frå kontrollutvalet i hht §8. Revisor poengterer at merknader frå revisor undervegs i året i stor grad har blitt retta opp undervegs.

Revisor held elles fram at gjennom revisjonen er det oppnådd betryggande sikkerheit for at rekneskapet ikkje inneheld vesentlige feil. Gjennomgang av budsjettoppfølging, årsrapport og bokføringsrutinar har ikkje avdekket vesentlige avvik, sjølv om det er nemnt enkelte forbedringspunkt, som: det er avdekket enkelte formelle manglar knytt til dokumentasjon når det

gjeld bevertning og representasjon, men av mindre omfang. Det vert og nemnt ein del manglande protokollføring knytt til innkjøp. Det manglar også oppteljings- og avstemmingsrutinar ved kulturarrangement og offentleg symjing, men også her av lite omfang. Det vert og peika behov for å stramma opp enkelte rutinar knytt til overføringar.

Revisor har gitt revisjonsmelding med positive konklusjonar på alle desse områda.

Revisor uttaler til slutt i årsoppgjersnotatet at det ikkje er uteståande forhold som kontrollutvalet plikter å følgja opp. Kontrollutvalet kan likevel om ønskelig gjera ei sjølvstendig vurdering på dette punktet.

Kontrollutvalet er gitt anledning til å knyta kommentarar til årsrekneskapen. Dersom kontrollutvalet ønskjer å knyta spesielle kommentarar til rekneskapet ut over forslag til vedtak må desse innarbeidast i kontrollutvalets vedtak.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim har ingen kommentar til det framlagde årsrekneskapet for 2013 ut over det som kjem fram av revisors oppgjersnotat og revisjonsmelding.

SANDNES, 25.03.2014

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Revisjonsberetning](#)
[Årsoppgjersnotat](#)
[Rekneskap 2013](#)
[Årsmelding 2013](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

10 / 14 Skatterekneskapet for 2013 med kontrollrapport frå skatteetaten

Arkivsak-dok. 13/00049-8
 Arkivkode. 232
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	07.04.2014	10/14

Bakgrunn:

Kommunane har ansvar for skatteinnkrevjing og føring av skatterekneskap (skatteoppkrevjarfunksjonen), mens Staten v/Riksrevisjonen har ansvar for revidering av skatterekneskapet. Riksrevisjonen byggjer sin revisjon på dei stadlege kontrollane som Skatteetaten gjennomfører. Kontrollavdelinga gir årleg rapport til Riksrevisjonen med kopi til kommunestyret og til kontrollutvalet.

Saksutredning:

Fleire kommunar legg skatteoppkrevjaren si melding fram for kommunestyret så snart denne er ferdigstilt. Saka vert ikkje lagt fram for behandling i kontrollutvalet før kontrollrapporten frå skatteetaten ligg føre.

Bjerkreim kommune hadde i 2013 ein samla skatteinngang (etter marginavsetning) på 286, 837 mill. kr. Det er ein auke på 11,19% samanlikna med fjoråret. Av dette utgjer kommunens del av skatteinngangen 63,6 mill. kr., noko som er ein auke på 8,31%.

Skatteoppkrevjar har overfor skatteetaten peika på at det heller ikkje i 2013 er gjennomført stadlige arbeidsgivarkontrollar. Dette er eit brot på skattebetalingslovas § 5-13 m/tilhøyrande retningsliner. Skatteoppkrevjar opplyser vidare at det nå er etablert ei felles interkommunal kontrollordning, saman med kommunane Hjelmeland, Rennesøy, Forsand, Eigersund, Sokndal og Bjerkreim, som har inngått avtale med Stavanger Kemnerkontor om å utføra slike kontroller frå 2014.

Skatteetaten har ut over dette ingen kommentarar til det framlagde skatteregnskapet.

Kontrollutvalet kan bare ta sjølve rekneskapet til orientering. Revisjonshandlingane knytt til dette rekneskapet er ei statleg oppgåve. Kontrollutvalet har likevel ei tilsynsrolle i høve til skatteoppkrevjar, og kan om ønskeleg kommentera organisering av arbeidet m.v.

Skatteoppkrevjar vert invitert til møtet for å gå nærare gjennom detaljane i rapporten og svara på spørsmål.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek skatterekneskapet for 2013 til orientering.

Saka vert vidaresendt til kommunestyret til orientering.

SANDNES, 24.02.2014

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Kontrollrapport frå skatteetaten](#)
[Skatteoppkrevers årsmelding](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

11 / 14 Bestilling selskapskontroll: Dalane Miljøverk IKS

Arkivsak-dok. 14/00005-5
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	07.04.2014	11/14

Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i møte 17.02.2014 å bestille selskapskontroll i Dalane Miljøverk IKS, under føresetnad at alle eigarkommunane deltek i prosjektet, sjå sak 3/14.

Dalane Interkommunale miljøverk (heretter forkorta DIM) er eigd av kommunane Bjerkreim, (13,02%), Eigersund (68,5%) og Sokndal (18,48%). Eigersund har som største eigar bedt om selskapskontroll av DIM, og Sokndal har fatta vedtak om å bli med under føresetnad at alle eigarkommunane deltar i selskapskontrollen.

Prosjektet står på lista over selskap i vedtatt plan for selskapskontroll. Bestillinga vil og skje innanfor ramma for vedtatt budsjett 2014.

Saksutgreiing

Rogaland Revisjon har sendt et forslag til mandat (sjå vedlegg) som danner grunnlaget for bestillinga.

I forslag til prosjektmandat er det føreslått følgjande formål med prosjektet:

”Det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i DIM (eierskapskontroll) og forvaltningsrevisjon av utvalgte områder.”

Revisjonen belyser i prosjektmandatet dette formålet med følgjande problemstillingar:

- *Hvordan er selskapet styrt?*
- *Hvordan er eiernes oppfølging av selskapet lagt opp?*
- *Blir selskapets aktiviteter rapportert i tråd med lover og regler?*
- *Praktiserer selskapet lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet?*
- *Hvordan håndterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?*
- *Praktiserer selskapet selvkostregler for husholdningsavfall?*
- *Er det et tilfredsstillende skille mellom husholdningsavfall og næringsavfall?*
- *Hvordan foretas eieroppfølgingen av datterselskapet?*
- *Hvordan håndteres avtaler og transaksjoner mellom morselskap og datterselskap?*

Revisor føreslår ei ramme for prosjektet på 175 timer.

Kostnaden vil iflgj. revisor blir fordelt på eigarane etter storleiken på eigarandelen. Det vil då vere følgjande fordeling: Eigersund 120 timer, Sokndal 32 timer og Bjerkreim 23 timer. Dersom kontrollen blir gjennomført utan alle eigarane, vil timebudsjettet auka tilsvarende på dei andre eigarane.

I bestillingsprosessen må kontrollutvalet vurdere om formålet, problemstillingar og anna beskriving av prosjektet dekkjer det som kontrollutvalet ønskjer å sjå på gjennom denne

selskapskontrollen. Dersom utvalet ser andre problemstillinger som burde vore med, er det viktig å få desse med i dette møtet. Det er bestillinga som kontrollutvalet vedtar nå som er styrande for den rapporten kontrollutvalet til slutt mottar.

Sekretariatet har mottatt vedtak om selskapskontroll frå kontrollutvalget i Eigersund. Kontrollutvalget i Eigersund fatter følgende vedtak (sak 005/14):

1. *Kontrollutvalget bestiller selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Dalane Miljøverk IKS i henhold til prosjektmandat fra Rogaland Revisjon IKS med en ramme på inntil 120 timer for Kontrollutvalget i Eigersund kommunes vedkommende.*
2. *Bestillingen forutsetter at de øvrige eierkommuner deltar iht. sin eierandel. Dersom øvrige eierkommuner ikke vedtar å delta med sin eierandel tas saken opp til ny vurdering og avgjørelse i kontrollutvalgets møte i april.*
3. *Det gjøres en presiserende tilføyelse i andre kulepunkt under punktet "problemstillinger" i prosjektmandatet, slik at dette lyder:
"Hvordan er eiernes oppfølging av selskapet lagt opp, herunder hvordan kommunene utøver eierskapet gjennom representantskapet".*

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim bestiller selskapskontrollen i Dalane Miljøverk IKS i tråd med forslag til mandat og med dei endringar som kom fram i vedtak i kontrollutvalet i Eigersund.

Bestillinga skjer under føresetnad at alle eigarkommunane deltek i prosjektet. Dersom andre eigarar vedtar å ikkje delta tas saka opp til ny vurdering.

SANDNES, 17.03.2014

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Utkast til prosjektmandat](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

12 / 14 Statusoversikt pr. april 2014

Arkivsak-dok. 13/00051-15
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	07.04.2014	12/14

Bakgrunn:

Denne oversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å følgja saker som går fleire møter. Det gjeld først og fremst forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som skal følgjast frå dei vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. I tillegg vil òg andre type saker som krev oppfølging bli tatt inn i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing:

Oversikta inneheld tabellar over prosjekt som kontrollutvalet arbeider med eller som er ferdigstilte. Først ei oversikt over pågåande prosjekt, deretter ei oversikt over prosjekt som er behandla i kontrollutvalet, men der oppfølging av kommunestyrets vedtak ventar og til slutt ei oversikt over ferdigstilte prosjekt i den inneverande perioden.

Prosjekt som vert bestilt av kontrollutvalet skal vera med bakgrunn i vedtekne planar. Utvalet er likevel delegert mynde til sjølv å oppdatera planen dersom spesielle omsyn gjer det ønskeleg å prioritera andre tiltak. Nye plan for forvaltningsrevisjon vart vedtatt av kommunestyret hausten 2012.

Til dette møtet:

- *Endelig bestilling selskapskontroll i Dalane Miljøverk IKS.*

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tar statusoversikt pr. april 2014 til orientering.](#)

SANDNES, 04.03.2014

Wencke Sissel Olsen
 Daglig leder

Vedlegg:
[Statusoversikt](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)